



# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement

Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2008/3129 - 1870/2009	Grethe Bergsvik - 56 32 64 88	29.01.2009

## **Høyring - Forslag til endringer i kommuneloven - krav til kjønnsmessig samansetning av styret i kommunalt kontrollerte as**

Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune behandla ovannemnde høyring i sitt møte 26.02.09, sak 09/09.

Vedlagt finn de saksutgreiing med komiteen si uttale i saka.

Med helsing

Grethe Bergsvik  
Koordinator politisk sekretariat

Vedlegg: kopi av møtebok



## Fjell kommune

Arkiv: 000  
Saksmappe: 2008/3129-1104/2009  
Sakshandsamar: Grethe Bergsvik  
Dato: 16.01.2009

### SAKSDOKUMENT

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
9/09	Komite for finans og forvaltning	26.01.2009

### Høyring - framlegg til endring i kommunelova - krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte akseselskap

#### Samandrag av saka:

**Høyringa gjeld framlegg til endringar i kommunelova. Det vert gjort framlegg om lovkrav til at styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap skal ha ei kjønnsmessig balansert samansetjing. I tillegg vert det i høyringsbrevet gjort framlegg om å endre ordlyden i kommunelova til å samsvare med anna regelverk når det gjeld formulering om kjønnsbalanse.**

**Høyringsfrist er sett til 3. februar 09.**

#### Innstilling:

Straume, den 16.01.2009

Steinar Nesse  
Rådmann

Lillian Torsvik  
servicetorgsjef

**Handsama i Komite for finans og forvaltning - 26.01.2009:**

Framlegg frå komiteleiar om å vedta pkt. 1 og 2 i framlegg til uttale i saksutgreiinga, då med 'ingen merknader':

1. *Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune sluttar seg til framlegget om ny utforming av kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon med harmonisering til anna regelverk.*
2. *Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune har ingen merknader / følgjande merknader til Kommunal- og regionaldepartementet sitt framlegg om lovkrav som vil sikra at styret i 100 % kommunalt eigde aksjeselskap skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing.*

Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 26.01.2009:**

Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune sluttar seg til framlegget om ny utforming av kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon med harmonisering til anna regelverk

Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune har ingen merknader til Kommunal- og regionaldepartementet sitt framlegg om lovkrav som vil sikra at styret i 100 % kommunalt eigde aksjeselskap skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing.

**Dokument i saka:**

Høyringsbrev med framlegg til endring i kommunelova - krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte akseselskap.

[http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/horinger/Kjonnsmessig%20balans\\_e/Høringsnotat\\_publisering\\_ny.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/horinger/Kjonnsmessig%20balans_e/Høringsnotat_publisering_ny.pdf)

**Dokument vedlagt saka:**

- Departementet sitt framlegg til endringar i kommunelova (Lovforslag) – kap 9 i høyringsbrevet.
- Merknader til dei einskilde forslaga i høyringsbrevet – kap 8.

**Saksopplysningar:**

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut høyringsbrev om framlegg til endring i kommunelova og ber om uttale **innan 3. februar 2009**.

I høyringsbrevet foreslår KRD lovkrav til at styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing og oppfordrar særleg høyringsinstansane til å uttale seg om framlegget berre bør gjelde for heileigde kommunale aksjeselskap, eller om det også bør gjelde for aksjeselskap kor kommunane eig minst to tredjedelar av aksjane i selskapet.

Høyringsbrevet inneholder i tillegg framlegg til endring av ordlyden i kommunelova sine eigne vedtak om kjønnsbalanse i folkevalte organ. Hensikta her er å tilpasse kommunelova sin ordlyd til anna regelverk om kjønnsbalanse.

Departementet sine konkrete framlegg til endringar med kommentarar går fram av trykt vedlegg til saka, kap 8 og 9 i høyringsbrevet.

**Departementet sitt framlegg:****Kommunalt kontrollerte selskap**

Departementet går inn for nye reglar i kommunelova § 80 a med krav til kjønnsbalanse i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap, utan omsyn til om dei driv verkeemd av meir forvaltningsmessig art, eller om dei driv i ein marknad med konkurransen med privat eigde selskap. "Departementet mener at det i dag ikke er noe saklig grunnlag for å anse krav til kjønnsbalanse i styrende organ som en konkurransemessig ulempe."

Bakgrunnen for framlegget er at gjeldande rett "kan gi grunnlag for betydelig tvil om et kommunalt aksjeselskap er omfattet av de gjeldende reglene om kjønnsrepresentasjon eller ikke(..)".

**Selskap som ikkje er 100% kommunalt eigde**

Departementet skriv i høringsnotatet, s. 27: "Et annet spørsmål er om også selskaper som ikkje er 100 % kommunalt eid, bør være omfattet av reglene. Som det framgår over, ble bare aksjeselskaper som er 100 % eid av staten omfattet av reglene i aksjeloven § 20 – 6.

Bakgrunnen for dette var at det ville betydd at de private medeierne ville få andre rammevilkår enn eiere i aksjeselskaper der det offentlige ikke er medeier, og at en slik forskjellsbehandling ble ansett for lite hensiktsmessig.

Departementet ser at det kan argumenteres mot at private medeiere får andre rammevilkår i

slike selskaper. Det er imidlertid ikke uvanlig at det stilles krav til private som samarbeider med det offentlige. I så måte fremstår det ikke som et urimelig krav at private som eier aksjeselskap sammen med en kommune, må forholde seg til at det vil gjelde særlege regler for kjønnsrepresentasjon i selskapets styre. Det er dessutan slik at eiere som har 2/3 av aksjene, vil ha tilnærmet full kontroll over selskapet. Vedtaksendringer og visse andre viktige beslutninger krever etter aksjeloven 2/3 flertall. Departementet mener at dette kan tale for å knytte krav til kjønnsrepresentasjon i kommuneloven til denne grensen.

Dersom reglene bare skal gjelde for aksjeselskaper som er 100 % eide av kommuner, vil det kunne foreligge en omgåelsesfare, gjennom at man tar inn et lite mindretal private eiere for å unngå reglene om kjønnsrepresentasjon. Dette taler for å knytte de nye reglene til 2/3 eierskap.

Departementet ser at det kan argumenteres både for å la kravene til kjønnsmessig balansert sammensetning av styret bare gjelde for aksjeselskaper som er heleid av kommuner, og for at kravene også skal gjelde for aksjeselskaper hvor kommunen eier minst 2/3 av aksjene”.

Departementet ønsker førebels ikkje å konkludere på dette spørsmålet og oppfordrar difor høringsinstansane til særskilt å uttale seg om dette spørsmålet.

### **Ny utforming av kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon – harmonisering til anna regelverk**

Departementet skriv i høringsnotatet, s. 34 – ”Kommuneloven inneholder som nevnt i punkt 2.2.1 regler om kjønnsbalanse i folkevalgte organer (§§ 36-37 og 38a). Også likestillingsloven, lov om interkommunale selskaper samt en rekke andre lover inneholder krav til representasjon av begge kjønn. Reglene i kommuneloven er imidlertid noe annerledes utformet enn reglene i det øvrige regelverket, som alle saman er like.

Etter departementets syn bør reglene om kjønnsrepresentasjon i kommuneloven utformes på same måte som det øvrige regelverket på dette området. Departementet anser det som hensiktsmessig at reglene som gjelder på området for kjønnsrepresentasjon er mest mulig like.

En ulempe med reglene i kommuneloven er at det ikke i like stor grad som reglene i likestillingsloven angir konkret hvor mange representanter som skal velges frå det enkelte kjønn.

Reglene i likestillingsloven mv. er lettere å forstå og forholde seg til enn det reglene i kommuneloven er. 40-prosentkravet i kommuneloven innebærer dessutan i realiteten et 50-prosentkrav dersom det skal velges fire, seks eller åtte medlemer.”

### **Vurdering**

Departementet framfører gode argument for ei lovendring som sikrar kjønnsrepresentasjon i 100 % kommunalt eigde aksjeselskap. Det same gjeld for harmonisering av kommunelova sine reglar til anna regelverk på området.

Departementet er meir i tvil når det gjeld kjønnsrepresentasjon i selskap som berre er delvis eigd av kommunar og har førebels ikkje konkludert.

Gjeldande regelverkt tek omsyn til at det vert ulike rammevilkår for selskap med og utan offentlege eigarar dersom det vert innført slike representasjonsreglar for selskap som ikkje fullt ut er kontrollert av kommunane.

For private aksjeselskap vert det sett på som uaktuelt å innføra slike reglar, først og fremst fordi at dei fleste aksjeselskap er små, private føretak kor leiinga av selskapet har eit personleg preg, typisk eit familieselskap, der eigarar er fysiske personar som sjølv sit i styret. Ei slik grunngjeving vil ikkje gjelda for aksjeselskap eigd av kommunar. Det vert vist til at kvinnedelen i kommunalt eigde aksjeselskap i dag er på berre rundt 30 %, noko som etter

departementet sitt syn ikkje er godt nok, og som gjer det nødvendig med eit lovkrav for å sikra kjønnsbalansen.

Departementet er sjølv i tvil om det vil vera rett å innføra lovreglar om kjønnsmessig balansert styresamansetning i selskap med delt kommunalt og privat eigarskap.

Departementet vil eventuelt knyta slike reglar til 2/3 eigarskap, først og fremst fordi kommunane då vil ha tilnærma full kontroll over vedtektsendringar og andre viktige vedtak, samt at det vil vera rimeleg å stilla krav om at private som eig aksjeselskap saman med ein kommunane må forholda seg til særlege reglar for kjønnsrepresentasjon i styra.

Rådmannen legg fram saka utan direkte tilråding, men vil kome med framlegg til uttale som komite for finans og forvaltning fritt kan endre.

**Framlegg til uttale:**

1. Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune sluttar seg til framleggget om ny utforming av kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon med harmonisering til anna regelverk.
2. Komite for finans og forvaltning i Fjell kommune har **ingen merknader / følgjande merknader** til Kommunal- og regionaldepartementet sitt framlegg om lovkrav som vil sikra at styret i 100 % kommunalt eigde aksjeselskap skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing.

Når det gjeld selskap som ikkje er 100% kommunalt eigde har departementet ennå ikkje konkludert og ber særleg om uttale frå høyringsinstansane på dette punktet. Rådmannen vil på bakgrunn av dette ikkje kome med framlegg til uttale her.

